



Notat

Dato: 31.05.2017
Arkivsak: 2015/8900-8
Saksbehandlar: rolrose

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Bybanen - rutetider til Flesland

På møte i fylkesutvalet 03.05.2017 stilte representanten **Silje Hjemdal** (Frp) fylgjande spørsmål:

«Spørrer har mottatt en del henvendelser og spørsmål angående Bybanens rutetider til Flesland. Det viser seg at det planlagte tilbudet ikke korresponderer med morgenflyene fra Flesland lufthavn.

1. Kva er begrunnelsen for dette.
2. Vil Hordaland fylkeskommune revurdere situasjonen og evt. tilby disse reisende et tilbud?»

Fylkesrådmannen kan opplysa fylgjande.

Bybanen - behov for driftspause om natta

Trong for driftspause om natta er knytt til arbeid langs baneinfrastrukturen. Det gjeld arbeid generert av Bybanen sine utbyggingsaktivitetar og restarbeid. Det gjeld naboar som utfører vedlikehald eller bygging, og det gjeld vedlikehald av Bybaneinfrastrukturen.

I høgt trafikkerte kollektivsystem er det vanleg å leggja slike driftspausar inn i ruteopplegget slik at ein unngår å måtta skaffa alternativ transport til eit stort tal reisande ved arbeid langs spor. På jernbane, derimot, er det vanleg å ivareta slike driftspausar i lengre bolkar med nedstenging av baner. Dette både fordi det er vanskeleg å tenkja seg døgnvisse driftspausar på eit langt jernbanenett og fordi generelt færre reisande er råka og må skaffast alternativ transport. Enkelte større byar har eit robust maskenetts av kollektivtransport med nok reservekapasitet til at ein kan stenga ned ei linje og visa reisande til andre transportformer. Av desse byane finst det enkelte som tilbyr døgnkontinuerleg drift i sitt kollektivsystem.

Bybanen sitt tekniske regelverk er lagt til grunn for alle kontraktar både på nyanlegg og vedlikehald. Leverandørane må kunna levera utstyr og tenester som inneber vedlikehald i løpet av driftspausen, som er oppgitt til 4:00 timer, utan behov for ytterlegare nedstenging oftare enn kvart 7. år. Fire timer er sett som eit rimeleg mål på å få ei arbeidsøkt med opprigging og nedrigging. Arbeida kan vera knytt til eit punkt på linja, ein seksjon med enkelt- eller dobbeltspor, eller heile nettet, slik som når dei overordna styrings- og kommunikasjonssistema skal vedlikehaldast.

I dagens ruteopplegg for vekedagar er siste avgang frå Byparken kl 01:00 og første kl 05:45. Inkludert reisetid betyr det at linja er fri for trafikk 3:00 timer. I helgene er det døgnkontinuerleg drift. I forhold til kravet i Teknisk regelverk er dette knapt, men med forholdsvis nytt anlegg, er dei fleste vedlikehaldsoppgåver så kortvarige at dette går i hop.

Oslotrikken har hatt driftspause på knappe 4 timer 7 dagar per veke, men går i desse dagar ned på 3:00 timer som eit ledd i "Best 2020"- prosjektet. Bybanen AS har knytt kontakt med Oslotrikken for å få informasjon om korleis dei har budd seg på ein redusert driftspause. Oslotrikken ser for seg ei ytterlegare innskrenking i driftspausen i åra framover og har starta opp eit planleggingsarbeid som peikar i retning av større vedlikehaldsstab, meir effektive anleggsreiskapar og auka bruk av planlagte innstillingar. Bybanen AS vil ha nytte av å ha tett kontakt mot Oslotrikken i det vidare arbeidet med å sjå på reduksjon i driftspausen.

Eit tiltak som ville gje rask effekt på driftsdøgeret, er å parkera eit par vogner nærmere sentrum. Eit alternativ er driftsbasen på Kronstad, men den vil berre vara fram til anleggsarbeida på byggesteg 4 tar til. Eit anna er å parkera vogner i Byparken med vakthald.

Dersom ein tenkjer seg å gå over til døgnkontinuerleg drift på Bybanen krevst ein planleggings/beredskapsorganisasjon som koordinerer vedlikehaldsarbeid, eksterne arbeid og tilhøyrande buss for bane på både kort og lang varsel.